

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr. 4 2016- 2017 Årgang 43

***VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE,
ALLE SKAL UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST***

Velkommen til 1.klasse

Til hausten byrjar det 6 flotte elevar i 1. klasse. Det er Reiar, Live April, Sverre Steinar, Oscar, Elisabeth og Selma Cecilie. Dei skal på førskuledag den 19. juni og dei skal gå i klasse med 4 kjekke elevar som går i 1. klasse no. Me ynskjer 1. klassingane velkommen til oss, og gler oss til dei startar på skulen torsdag 17. august.

Takk til 7.klasse

Snart er det siste skuledag på Vik skule for Mathilde, Mira Emilie, Caroline, Hellen, Tina, Alida og Undine. Den kjekke, flinke, arbeidsame og trivelege jentegjengen vår skal snart starte på Skjold skule. Me vil takke for dei 7 åra dei har vore elevar her.

Me kjem til å sakna dokker. Lukke til på Skjold skule!



Nokre går andre kjem

Neste skuleår blir me 54 elevar på skulen. Dette er 1 færre enn me er i år. Av tilsette er det to som sluttar.

Jenny Haraldseid har vor lærling på skulen dette året. Ho skal ta fagprøve neste veke og til hausten skal ho gå vidare på skule. Det har vore veldig kjekt og nyttig både for barn og vaksne å ha Jenny her. Ho kjem til å bli sakna både på skulen og på SFO. Lukke til vidare Jenny!

Christine Skrunes Sandvik går ut i fødselspermisjon den 14. juni. Siste skuledag for henne blir tysdag 13. juni. Me vil takke Christine for den flotte jobben ho har gjort som lærar på Vik skule. Ho har nå fått jobb på Vats skule og startar opp der i april når fødselspermisjonen er over.

Lukke til både med fødsel og med lærarajobben i Vats Christine.

Christine kom inn som vikar for **Sandra Marie B. Sælemyr** som kjem tilbake frå fødselspermisjon 19. juni.

Dei jenten har «tima» fødselspermisjonane sine godt! Velkommen tilbake Sandra!

Personalet skuleåret 2017-2018

1. - 2. klasse

Kontaktlærer 1.-2. klasse	Sandra Marie B. Sælemyr
Andre tilsette som arbeider her	Judith Gundersen og Berit R. Skartland

3.- 4. klasse

Kontaktlærarar 3.- 4. klasse	Ingrid L. Sandvik og Veronika Tveit
Andre tilsette som arbeider her	Judith Gundersen, Sandra B. Sælemyr, Lene Bjerga, Bergfrid Kolltveit, Ellen Skretteberg og Torunn Fredriksen.

5. - 7. klasse

Kontaktlærarar 5.-7. klasse	Mira Kalstveit og Geir Johan Ellingsen
Andre tilsette som arbeider her	Anne Brith, J. Nesheim, Hjørdis Marie Vårvik og Veronika Tveit.

SFO	Berit R. Skartland, Torunn V. Fredriksen, Hjørdis Marie Vårvik, Ellen Skretteberg og Lene Bjerga.
------------	---

Skuledagen og skyss neste skuleår

Skuledagen:



Måndag	Kl. 08.15 – 13.00	1.-7. klasse
Tysdag	Kl 08.15 – 13.45	1.-7. klasse
Onsdag	Kl. 08.15 – 12.15	1.-4. klasse
	Kl. 08.15 – 12.35	5.-7. klasse
Torsdag	Kl. 08.15 – 13.45	1.-7. klasse
Fredag	Kl. 08.15 – 12.00	1.- 4.klasse
	Kl. 08.15 – 13.45	5.-7. klasse

Skyss :

Om morgonen: Skyss frå Trovåg og Tordalen kl.07.45.

Du brukar det same busskortet heile skuletida di, også på ungdomskulen.

Etter skuletid:



Dagar	Sør	Nord
Måndag	13.05	13.30
Onsdag	12.40	12.40
Tysdag og torsdag	14.15	13.50
Fredag	12.05 og 13.50	12.30 og 14.15

Det er tilsyn og tilbod om leksehjelp for dei elevane som må vente på skyssen. Etter jul endrar me skyssen etter skuletid. Den vil då gå motsette dagar sør og nord først. På onsdagen går det buss både nord og sør til same tid.

Henting og levering av elevar

Minner om tidlegare vedtak i FAU: «Skuleelevar som får bilskyss bør hentast og leverast ved sykkelskuret nede ved ballbingen. Det er ofte for mange bilar og det blir farlege situasjonar ved den andre parkeringsplassen. Elevane har ikkje vondt av å gå opp bakken.»

SFO

For skuleåret 17/18 er det 14 barn som er påmeldte til SFO. SFO startar opp torsdag 17. august. Det er tilbod om SFO før skulestart og frå skuleslutt til kl. 16.30 alle dagar.

Enkelte dagar er det mogleg å kjøpe ekstratid i SFO. Ta kontakt med SFO-koordinator Berit Skartland på tlf. 53655735 / 53655733/ 90515628.

Mjølke og frukt

Mjølke og frukt for neste skuleår kan nå bestillast på www.skolelyst.no og www.skolefrukt.no.

Kalender for dei siste skulevekene

Fredag 09.06	1. og 2. klasse reiser på «Skuledag i gamle dagar» på gamle Ersland skule. Den ligg nå på skuleområdet ved Skjold skule.
Måndag 12.06	7. klasse er på besøksdag på Skjold skule.
Torsdag 15.06 Fredag 16.06	7. klasse reiser på kassetur til Preikestolen Basecamp.
Måndag 19.06	Førskuledag for dei som skal starta i 1. klasse til hausten.
Tysdag 20.06	Innlevering av bøker og rydding i klasseromma. Hugs å ha med alle skulebøker/bibliotekbøker. Mellomtrinnet ryddar spesialrom.
Onsdag 21.06 <u>Skulen sluttar</u> <u>kl. 10.45.</u>	Orienteringsdag for alle elevane. Hugs å kle deg etter vêret . Skulen sluttar og bussen går heim kl. 10.45. Bussen kjører sør kl. 10.45 og nord kl. 11.10. SFO startar når skulen sluttar.
Torsdag 22.06	Tursti, grilling og aktivitetar. Alle kan ha med seg grillmat og det dei sjølv ynskjer å drikke. Om ein vil kan ein og få ha med litt snop eller t.d. chips. 7. kl. har fellessamling: ” Takk for oss”. Skulen sluttar og bussane går heim til vanleg tid. SFO er ope til kl. 16.30.

E-post til skulen

anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no

anni.hetland@vindafjord.kommune.no

God sommar til alle!
Velkommen til skulestart
Torsdag 17. august kl. 08.15.

